

Gnr. 108, bnr. 627 m.fl. Lindås gravplass – vurdering av tilkomst

Bakgrunn

Alver kommune skal starte opp arbeid med reguleringsplan for utviding av gravplassen på Lindås. Utvidinga skal skje vest for dagens gravfelt, på grøntområdet som ligg mellom fylkesveg 59 Lindåsvegen og dei kommunale vegane Fonnebostvegen og Kolåsvegen.

I basiskartet framgår det at det er sett av trasé for tilkomstveg til gravplassområdet frå Kolåsvegen.


Langs Kolåsvegen er i det i dag busshaldeplass på begge sider av vegen i vest, like etter avsvinginga frå fylkesvegen.

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fylkesveg 59 (Lindåsvegen), vart busslomma på sørsida av Kolåsvegen, flytta lengre aust. Den regulerte busslomma kjem då i konflikt med tidlegare erverva trasé for ny tilkomstveg til gravplassen (gnr/bnr 108/161). Det er ikkje regulert ny tilkomst i den planen.

I reguleringsplanen for utviding av gravplass, skal ein regulere ny tilkomstveg til gravplassen.

Følgjande føresetnader låg til grunn for reguleringsplanen for gang- og sykkelveg for fv. 57:

- Fartsgrense Kolåsvegen: 50 km/t
- Standard busshaldeplass: utbetningsstandard, jf. illustrasjon under frå handbok N100, Statens vegvesen.




Etter at reguleringsplan for fylkesvegen vart utarbeidd, har fartsgrensa i Kolåsvegen blitt sett ned frå 50 km/t til 30-sone, som strekkjer seg frå trafikkøya i krysset mot fylkesvegen i vest og forbi Lindås senter i aust. I dag gjeld 30-sona for heile Kolåsfeltet.

Forslag til tilkomstveg til gravplassen

Ettersom fartsgrensa i Kolåsvegen no er 30 km/t, vil kravet til siktlinjer vere redusert. Med 30 km/t som dimensjonerande fartsgrense, vil dagens busslomme få god nok baksikt til å innfri krav i N100.


Med bakgrunn i dette foreslår Abo Plan & Arkitektur å regulere busshaldeplassen tilbake til dagens plassering, og samtidig utvide areal for busslomma til utbetningsstandard etter Statens vegvesen sine handbøker. Ettersom busslomma ligg i ei 30-sone, vil baksikt for buss vere kortare enn lengda på busslomma (sjå utsnitt neste side). Det vil også vere tilstrekkeleg sikt mot eit eventuelt kryssingspunkt mellom regulert snarveg frå kulvert under fylkesvegen til fortau på andre sida av kommunal veg sjølv om ein buss står i busslomma. For å unngå at vegarealet vert utflytande i området med busslommene, kan det vere ein fordel å ha kantmerking i Kolåsvegen. Dette vil óg tydeleggjere vikepliktreglar i kryss og avkøyrslar.

Regulert situasjon:




Fartsgrense: 50 km /t
Standard busslomme: Utbetningsstandard

Forslag til ny situasjon:



Fartsgrense: 30 km/t
Standard busslomme: Utbetningsstandard

Regulert situasjon – detalj busslomme:



Forslag til ny situasjon – detalj busslomme:

